

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
106/16	Kommunestyret	PS	27.10.2016

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Olav Mongstad	FA - F39	14/568

### Busetjing av flyktningar i 2016 og 2017

#### Vedlegg

Oppmoding om busetting av flyktningar 2017

Informasjon til kommunane om busetting av einslege mindreårige flyktningar

#### Framlegg til vedtak:

Austrheim kommune omgjer vedtaket i K-sak 14/16 om mindreårige flyktningar. Kommunen tar i mot inntil 10 flyktningar i 2016. I 2017 tar Austrheim kommune i mot inntil 10 flyktningar. Rådmannen får mynde til å auka stilling for flyktningekonsulent med inntil 40%. Delar av ressursen skal nyttast inn mot ei god integrering av barn og unge.

#### Kommunestyret - 106/16 - 27.10.2016

#### KS - behandling:

Framlegg frå V/ v Jan Erik Espelid:

Saka vert utsett.

Framlegget fekk 6 røyster(H og V) mot 11 røyster og fall.

Framlegg frå H v/ Rikke Heldal Hope:

Austrheim kommune opphevar vedtaket i K-sak 14/16 om mindreårige flyktningar.

Vedtaket om mottatt av nye flyktningar vert utsett til budsjettet for 2017 er vedteke.

Rådmannen sitt framlegg fekk 11 røyster og H v/ Rikke Heldal Hope sitt framlegg fekk 6 røyster(H og V).

#### KS - vedtak:

Austrheim kommune omgjer vedtaket i K-sak 14/16 om mindreårige flyktningar. Kommunen tar i mot

inntil 10 flyktningar i 2016. I 2017 tar Austrheim kommune i mot inntil 10 flyktningar. Rådmannen får mynde til å auka stilling for flyktningekonsulent med inntil 40%. Delar av ressursen skal nyttast inn mot ei god integrering av barn og unge.

## **Saksopplysninger:**

### **Bakgrunn**

Austrheim kommunestyre vedtok i sak K-14/16 å busetja fem mindreårige flyktningar i 2016/2017. I brev frå IMDI datert 30.09.2016, vert kommunar som har vedtak om busetjing av mindreårige flyktningar og ikkje har kome i gang med busetjinga, oppmoda om å stoppa planlegginga. Grunngevinga er at det no kjem færre mindreåring flyktningar. I skrivet vert det opp til kommunen å anten ta i mot ordinære flyktningar i staden, eller overføra talet mindreårige flyktningar til 2017. All den tid Austrheim må byggja ein bustad for mindreårige flyktningar, ser rådmannen det best å skrinlegga prosjektet. Slik melding er gitt til IMDI. Austrheim kommune omgjer desse plassane til «ordinære» flyktningar.

I brev frå Fylkesmannen datert 6.10.2016, vert Austrheim oppmoda om å ta imot 10 flyktningar i 2017.

### **Vurdering**

Rådmannen tilrår at kommunen kan gjere om talet på mindreårige flyktningar til flyktningar generelt, slik at Austrheim seier seg villig til å ta i mot inntil 10 flyktningar i 2016, medrekna dei som alt er kome i år. I tillegg bør ein påta seg å ta imot 10 i 2017 og. Kommunen har bygd opp og byggjer opp kompetansen i alle ledd i dei som arbeider med flyktningane.

Flyktningekonsulent.

- Det er tilsett ei 100% stilling. I tillegg har arbeidsmengden gjort at rådmannen har tilsett mellombels ut 2016 i ei 40% stilling. I dag er det morsmåslæraren som har denne stillinga. Rådmannen ynskjer å gjera tilsetjinga meir permanent. Det er ein god kombinasjon å tilsetja ein som kjenner ungane og familiane frå før. Det vil m.a. vere ei oppgåve for denne stillinga å arbeide med å trekkja barna inn i ulike fritidsaktiviteter.

Programrådgjevar.

- Dette er ei stilling som har hatt ansvar for introduksjonsprogrammet, individuell plan, språkarbeidsplassar og introduksjonen til arbeidsliv eller utdanning. I ein periode har vi leiga inn personall gjennom Nordhordland Næringshage til denne jobben. I desse dagar arbeider vi med tilsetjing av programrådgjevar.

Introduksjon til arbeid og utdanning.

Nøkkelen for å bli integrert i det norske samfunnet, er at flyktningane vert introdusert til arbeid eller utdanning. Det må knekkast nokre kodar for å forstå korleis det norske arbeidslivet eller utdanningssamfunnet fungerer. Derfor er det viktig å arbeida godt med denne delen. Austrheim kommune har gjennom Nordhordland Næringshage, kome i kontakt med ein prosjektleiar som

gjennom sin kontakt med IMDI og departement, prøver å få til eit prosjekt lokalt i Austrheim i 2017. Når saka skal opp i kommunestyret, vil det bli orientert om desse tankane.

Fluyktningekonsulenten var i kommunestyret og orienterte om tal flyktningar i Austrheim. Ein kort status viser fylgjande:

- Det er 61 flyktningar knytt til Austrheim. Av desse er 4 i flytteprosess bort frå Austrheim på grunn av studier og arbeid/arbeidssøking.
- Det er 17 somaliske vaksne og 17 somaliske barn.
- Det er 15 syriske vaksne og 12 syriske barn.
- Det er 7 som er ferdig med introduksjonsprogrammet.
  - Av desse går 4 i vidaregåande skule.
  - Ein tar grunnskule i Knarvik.
  - Ein er i arbeid med lønstilskot.
  - Ein er arbeidssøkjjar.

I flyktningearbeidet ser vi fylgjande utfordringar som må arbeidast med:

- Oppfølging. Det har vore ressurskrevjande å følgja flyktningane opp godt nok. Rådmannen ser at det er viktig å styrka flyktningetenesta. Rådmannen tilrår å styrka med 40% stilling.
- Vanskeleg å skaffe eigna bustader. I første fasen har ein brukt bustader som ligg slik til at det er høve for dei fleste å gå til barnehage, skule eller vaksenopplæring/introduksjonsprogram. Slik tilgangen på bustader er no, bør ein utvida områda for busetnad. Ein bør likevel busetja flyktningane slik at dei bur tett opp mot der det går busstransport.
- Oppfølging og vedlikehald av bustader. Saman med teknisk drift er det oppretta ei mindre vaktmeisterstilling som har ansvar for å følgja opp dette. Helseavdelinga er og med og hjelper til med det å bu i norske hus.
- Språkarbeidsplassar. Dette er eit viktig bidrag for integrering i yrkesliv. Den nye programrådjevaren vil ha dette som ei viktig arbeidsoppgåve. Det vil og vera spennande korleis vi klarer å få dette til i det nye prosjektet for flyktningearbeid.
- Integrering/tilbod for barn/ungdommar/unge vaksne. Rådmannen ynskjer å styrka dette med ved å tilsetja morsmålslæraren i ei delstilling for spesielt å arbeide med dette. Dersom barn og unge får gode møteplassar i det lokale kulturtilbodet, vil dette og gi foreldre gevinst ved at dei treffer andre foreldre.
- Praksisplassar/tilgang til ein jobbmarknad. Dette vert ei viktig oppgåve for programrådjevaren. Det vert og ei viktig oppgåve dersom Austrheim får sett i gang med prosjektet det vert søkt om.
- Transport. Flyktningane er avhengig av å gå eller nytta buss for å møta opp til vaksenopplæring, skule eller arbeidsplass. Dette har vore medverkande til at ein i stor grad har busett dei i nærleiken av desse tilboda. Tilgangen på bustader gjer at ein truleg etter kvart må spreia busetnaden. Ein må likevel syta for at dei bur slik at dei har lett tilgang på offentlege bussar.

## Konklusjon

Rådmannen rår til at Austrheim kommune tar i mot inntil 10 flyktningar i 2017, slik IMDI ber om. Rådmannen får mynde til å auke stillingsprosenten på flyktningekonsulent med inntil 40%. Delar av auken vert nytta inn mot barn og unge for å integrere dei i det lokale kulturlivet. I 2017 kan Austrheim ta i mot inntil 10 flyktningar.

